KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Etter vedtak i Stortinget 16. desember 2015

# Orientering om statsbudsjettet 2016 for universitet og høgskolar

- Mål for universitet og høgskolar
- Finansiering
- Endring i budsjett for sektoren og løyvingar per institusjon
- Dokumentasjon av finansiering – langsiktig og strategisk løyving og resultatbasert løyving

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

Etter vedtak i Stortinget 16. desember 2015

# Orientering om statsbudsjettet 2016 for universitet og høgskolar

- Mål for universitet og høgskolar
- Finansiering
- Endring i budsjett for sektoren og løyvingar per institusjon
- Dokumentasjon av finansiering – langsiktig og strategisk løyving og resultatbasert løyving

## Innhald


**1 Innleiing** 5

**2 Mål for universitet og høgskolar** 6

2.1 Målstrukturen for 2016 6

2.2 Sektormål og nasjonale styringsparametrar for 2016 6

2.3 Kandidatmåltal for 2016 10

2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane 14

**3 Finansiering** 16

**4 Budsjett for universitet og høgskolar** 19

4.1 Budsjett for 2016 over kap. 260 på Kunnskapsdepartementets budsjett 19

4.2 Budsjett for 2016 til universitets- og høgskolebygg over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett 20

4.3 Budsjett per institusjon (kap. 260) 22

4.3.1 Statlege universitet og høgskolar (kap. 260 post 50) 24

4.3.2 Pritvate høgskolar (kap. 260 post 70) 33

4.3.3 Samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar 36

4.3.4 Midlar til oppgradering av bygg ved sjølvforvaltande institusjonar 37

4.3.5 Nye studieplassar 37

4.3.6 Rekrutteringsstillingar 38

**5 Dokumentasjon av finansieringa for universitet og høgskolar** 40

5.1 Vidareføring og opptrapping av studieplassar, og nye studieplassar 40

5.1.1 Studieplassendringar 40

5.2 Resultatbasert utteljing 2016 48

5.2.1 Utdanningsinsentiv 48

5.2.2 Forskingsinsentiv 54

5.3 Endringar i finansieringssystemet for 2017 61

5.3.1 Endringar i resultatindikatorar i finansieringssystemet 61

5.3.2 Rapportering av 2015-data som gir utteljing i statsbudsjettet for 2017 61

# 1 Innleiing

*Orientering om statsbudsjettet 2016 for universitet og høgskolar* er eit vedlegg til endeleg tildelingsbrev for 2016. Det gir informasjon om endringar for budsjettramma frå 2015 til 2016, jf. Innst. 12 S (2015-2016) og Prop. 1 S (2015-2016) for Kunnskapsdepartementet. Orienteringa skal saman med endeleg tildelingsbrev danne grunnlag for budsjettdisponeringane til styret i 2016.

Orienteringa er delt inn i fire kapittel:

*Mål for universitet og høgskolar*

- Kap. 2 viser måla og styringsparametrane for sektoren som institusjonane skal legge til grunn når dei planlegg verksemda for 2016. Kapitlet viser også kandidatmåltal for utvalde utdanningar.

*Finansiering*

- Kap. 3 beskriv gjeldande finansieringssystem for universitet og høgskolar over kap. 260.

*Budsjett og endringar i løyving*

- Kap. 4.1 og 4.2 viser vesentlege budsjettendringar for universitet og høgskolar.
- Kap. 4.3 viser endringar i løyvingane frå 2015 til 2016 for universitet og høgskolar.

*Dokumentasjon av finansiering – basismidlar og resultatbaserte midlar*

- Kap. 5.1 dokumenterer endringar i basismidlane, blant anna endringar i studieplassar.
- Kap. 5.2 gir oversikt over datagrunnlaget for å rekne ut den resultatbaserte utteljinga i 2016 for universitet og høgskolar.
- Kap. 5.3 gir oversikt over endringar i finansieringssystemet med verknad frå 2017, og informasjon om rapportering av 2015-data som gir utteljing i statsbudsjettet for 2017.

# 2 Mål for universitet og høgskolar

## 2.1 Målstrukturen for 2016

Kunnskapsdepartementet reviderte målstrukturen for universitet og høgskolar i 2015 for å tydeleggjere regjeringa sine mål og prioriteringar, jf. regjeringsplattforma, og for å forenkle målstrukturen. Departementet legg til grunn at sektormåla skal vere langsiktige og gi ei ramme som institusjonane kan utvikle eigne strategiar og planar innanfor. Sektormåla for 2016 er dei sama som for 2015.

I tillegg til sektormåla fastset departementet nasjonale styringsparametrar til sektormåla på område der institusjonane skal vere særleg merksam på korleis resultata utviklar seg. Dei nasjonale styringsparametrane er ikkje heildekkande for resultat som bidrar til at sektoren når sektormåla, men viser kva resultatområde departementet vil vere særleg oppteken av i styringa av sektoren. Dei nasjonale styringsparametrane vil i utgangspunktet også vere fleirårige, men kan endrast på bakgrunn av risikovurderingar.

Kunnskapsdepartementet har etter dialog med sektoren revidert dei nasjonale styringsparametrane som skal gjelde frå 2016. Eit prinsipp som ligg til grunn for endringane, er at datagrunnlaget for alle styringsparametrane skal vere tilgjengeleg i nasjonale databaser eller gjennom nasjonale undersøkingar. Alle styringsparametrane, med unntak av kandidattal, er sett opp som forholdstal slik at resultata kan samanliknast over tid og mellom institusjonar det er relevant å samanlikne. Enkelte av styringsparameterne er likevel mest eignat for samanlikning av resultat over tid for institusjonen, ikkje mellom institusjonar, sidan institusjonanene har forskjellig profil. For kandidattal har departementet fastsett måltal for enkelte utdanningar på kvar institusjon. Nokre av styringsparametrane inngår også som indikatorar i finansieringssystemet, sjå kap. 3.

I tillegg gjeld det framleis at statlege universitet og høgskolar skal fastsette eigne mål og styringsparametrar for verksemda. Desse skal bygge opp under måla som er sett for heile sektoren, og vise kva profil og utviklingsstrategi den enkelte institusjonen har.

Departementet viser til at det er sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Det er ein føresetnad at aktuelle institusjonar tek omsyn til desse måla i styringa av og planane for verksemda.

## 2.2 Sektormål og nasjonale styringsparametrar for 2016

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna sektormål for universitet og høgskolar i Prop. 1 S (2015–2016) for Kunnskapsdepartementet. Alle universitet og høgskolar som får løyving eller tilskot frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Departementet set krav om at institusjonane rapporterer på dei nasjonale styringsparametrane i *Årsrapporten* (2016-2017). Rapporteringskrava og dataspesifikasjonar vil vere tilgjengelege på nettsidene til Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) i januar 2016.

For 2016 gjeld desse sektormåla og tilhøyrande styringsparametrar[1] (datakjelde for den enkelte styringsparameteren står i parentes):

***Sektormål 1**: Høg kvalitet i utdanning og forsking*

For å møte utfordringane samfunnet står overfor, må norsk høgre utdanning og forsking ha høg kvalitet. Studentane må få god undervisning uansett kva studiestad dei har valt. Arbeidsgivarar må vere trygge på at kandidatane er godt kvalifiserte, og samfunnet må kunne stole på at forskinga blir utført i solide fagmiljø med høg kompetanse. Evalueringar viser at utdanning og forsking i Noreg er god, men at vi har fleire svake og fragmenterte utdannings- og forskingsmiljø, og at vi har få framifrå miljø. Regjeringa vil at alle utdannings- og forskingsmiljø i Noreg skal ha høg kvalitet og at fleire skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer også fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

*Styringsparametrar:*

- *Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)*
  Delen studentar som gjennomfører studia på normert tid, er for låg. Forseinkingar inneber betydelege kostnader for den enkelte studenten og bind ressursar ved institusjonane. Låg gjennomføring av studia kan også vere ein indikator på dårleg kvalitet. Rapporteringa for 2016 vil vise resultata for 2013-kullet for bachelorkandidatar og 2014-kullet for masterkandidatar.

- *Delen masterkandidatar i et kull som gjennomfører på normert tid (DBH)*
  Delen studentar som gjennomfører studia på normert tid, er for låg. Forseinkingar inneber betydelege kostnader for den enkelte studenten og bind ressursar ved institusjonane. Låg gjennomføring av studia kan også vere ein indikator på dårleg kvalitet. Rapporteringa for 2016 vil vise resultata for 2014-kullet for masterkandidatar.

- *Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)*
  Måltala som vart vedtekne i Meld. St. 30 (2008-2009) *Klima for forsking,* jf. Innst. S. nr. 354 (2008-2009), er ikkje nådd. Rapporteringa for 2016 vil vise resultata for 2010-kullet.

- *Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)*
  Krav til studentane og engasjementet deira er blant faktorane som påverkar læringa til studentane. Skal studentane utnytte sitt fulle læringspotensial, krev det at dei investerer tilstrekkeleg tid og energi i studia.

- *Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret)*
  Studiebarometeret er ei nasjonal studentundersøking om studiekvalitet og gir uttrykk for korleis studentane vurderer kvaliteten i studieprogramma.

---

[1] Talet på forretningsidear per fagleg årsverk, som ble oppgitt som styringsparameter i *Orientering om forslag til statsbudsjettet 2016 for universitet og høgskolar*, er gått ut.

- *Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)*
  Vitskapleg publisering er ein anerkjent indikator for omfanget av forskingsverksemda. Sjølv om det har vore sterk vekst dei siste ti åra, er det framleis rom for betring, særleg knytt til å heve den gjennomsnittlege kvaliteten på publiseringa.

- *Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk (Forskingsrådet/NIFU)*
  Regjeringa har som mål at Noreg skal auke forskingssamarbeidet med EU. Det vil bidra til å auke kvaliteten i norsk forsking, styrke innovasjonsevna og verdiskapinga og gjere oss betre i stand til å møte store samfunnsutfordringar.

- *Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)*
  EUs program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+, er eit viktig verkemiddel for mobilitet og internasjonal erfaring. Særleg er det få studentar som reiser ut på Erasmus+.

### ***Sektormål 2**: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling*

Grunnlaget for framtidig verdiskaping og velferd i Noreg er å realisere kunnskapssamfunnet. Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Universitet og høgskolar er sentrale i den økonomiske, kulturelle, sosiale og regionale utviklinga og avgjerande for å vidareutvikle kunnskapssamfunnet. Noreg har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv med behov for oppdatert kunnskap og kompetanse. Skal universitet og høgskolar fylle denne rolla, må dei ha eit utstrakt samarbeid med samfunns- og næringsliv. Noreg treng forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, kunnskapsdeling og kandidatar som bidrar til nødvendig omstilling, innovasjon og verdiskaping i offentleg og privat sektor.

*Styringsparametrar:*

- *Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (NIFU/Kandidatundersøkinga)*
  Sysselsetting i relevant arbeid er ein indikator på om studia er relevante for arbeidslivet. NIFU gjennomfører ei spørjeundersøking blant personar med mastergrad om lag eit halvt år etter at dei har fullført utdanninga. Undersøkinga blir gjennomført anna kvart år.

- *Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)*
  Storleiken på inntekter frå Forskingsrådet er også ein indikator på kvalitet i forskinga.

- *Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)*
  Det er behov for sterkare koplingar mellom forsking, høgre utdanning og innovasjon. Det er potensial for meir samspel enn i dag som kan gi utslag i inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemd.

- *Delen forskingsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken)*
  MNT-faga har særleg betyding for framtidig verdiskaping og for å gjere det mogleg å oppretthalde velferdsnivået i Noreg. Det er eit mål å styrke forskingsinnsatsen i desse faga. NIFU gjennomfører denne undersøkinga anna kvart år.

***Sektormål 3**: God tilgang til utdanning*

Utdanningstilbodet skal legge til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse i alle delar av landet. Tilgang inneber ikkje berre geografisk nærleik, men også at studietilbodet er tilpassa ulike typar studentar og gjer det mogleg med livslang læring. Regjeringa vil at alle skal ha tilgang til høgre utdanning, og at det skal vere mogleg for alle å ta høgre utdanning, uansett kjønn, etnisk, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den enkelte og for samfunns- og arbeidsliv.

*Styringsparameter:*

- *Kandidattal på helse- og lærarutdanningane, jf. måltal (DBH)*
  Departementet innførte frå 2014 kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er kritisk at institusjonane møter behova i samfunnet. Kandidatmåltala går fram av tabellen under kap. 2.3. Institusjonane kan sette høgare måltal på utdanningane enn det departementet har fastsatt. For andre utdanningar sett institusjonen sjølv eventuelle kandidatmåltal.

***Sektormål 4**: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem*

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og tilsvarande forskingssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første sektormåla. Universitet og høgskolar forvaltar ein betydeleg del av midlane for fellesskapet. Ressursane skal brukast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, som bidrar til ein differensiert sektor med høg kvalitet, som møter behova på ulike område i samfunnet, og som bidrar til at vi kan hevde oss internasjonalt. Det vil framleis vere behov for samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i universitets- og høgskolesektoren etter at strukturreforma er gjennomført. Institusjonane må halde fram med å sjå korleis dei saman kan løyse utfordringar i sektoren. Institusjonar som har grunnlag for det, er forventa å dyrke fram utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg heilt i verdstoppen.

*Styringsparametrar:*
Styringsparametrane under dei tre første sektormåla vil også seie noko om måloppnåinga på dette målet, sidan sektormål 4 er eit tverrgåande mål som skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første sektormåla. Departementet har i tillegg sett desse styringsparametrane under sektormål 4:

- *Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)*
  Denne styringsparameteren sett saman med dei andre styringsparametrane under sektormål 1 og 2, gir indikasjonar på utviklinga i effektiviteten ved den enkelte institusjonen.

- *Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)*
  Kvinnedelen i professorstillingar har auka med ein pst. per år sidan 2001 og er no 26 pst. Det er nødvendig å halde oppe merksemda på området for å nå raskare resultat. Kvinnedelen i dosentstillingar har auka betydeleg dei siste åra og er no 40 pst.

- *Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)*
  Det er framleis for høg del mellombels tilsette i sektoren, særleg i undervisnings- og forskarstillingane. Styringsparameteren gjeld ikkje for private høgskolar.

- *Delen av samlingane og objekta ved universitetsmusea som er tilstrekkeleg sikra og bevart (DBH)*
  Tilfredsstillande sikring og bevaring av samlingane og objekta ved universitetsmusea er framleis ei utfordring. Datagrunnlaget for styringsparameteren er resultatindikatorane for sikring og bevaring.

## 2.3 Kandidatmåltal for 2016

Frå og med 2014 innførte departementet kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kandidattal på desse utdanningane er definert som styringsparameter under sektormål 3, sjå kap. 2.2 ovenfor. Departementet forventar at institusjonane når måltala.

Tabellen på neste side viser endelege kandidatmåltal for 2016 fordelte på utdanningar og institusjonar.

| Institusjon | | Helsefagutdanningane | | | | | | | | | | | | | | | | | Lærarutdanningane | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | ABIOK- utd. | Audiografutd. | Bioingeniørutd. | Døvetolkutd. | Ergoterapiutd | Klinisk enæringsfysiologi | Farmasiutd. BA | Farmasiutd. MA | Fysioterapiutd. | Jordmorutd. | Medisinutd. | Odontologiutd. | Psykologi prof.utd. | Radiografutd. | Sjukepleiarutd. | Tannteknikarutd. | Tannpleiarutd. | Vernepleiarutd. | Barnehagelærarutd. | GLU 1-7 | GLU 5-10 | Integrert, 5 år | PPU og PPU-Y | Faglærarutd. | Yrkesfaglærarutd. |
| Nord universitet | 26 | | | | | | 21 | | | | | | | | 328 | | | 30 | 124 | 97 | 72 | | 94 | 41 | |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | 56 | | |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 134 | 29 | 73 | 20 | 57 | | | 12 | 52 | 25 | 114 | | 55 | 51 | 425 | | | 70 | | 149 | 94 | 67 | 198 | | 69 |
| Universitetet i Agder | 25 | | 20 | | | | | | | | | | | | 203 | | | 35 | 113 | 65 | 43 | 20 | 103 | 28 | |
| Universitetet i Bergen | | | | | | 24 | | 25 | | | 156 | 45 | 80 | | | | 30 | | | | | 28 | 103 | | |
| Universitetet i Oslo | | | | | | 32 | | 55 | | | 192 | 62 | 96 | | | | 20 | | | | | 109 | 265 | | |
| Universitetet i Stavanger | 34 | | | | | | | | | | | | | | 163 | | | | 115 | 56 | 37 | 20 | 86 | | |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 50 | | 20 | | 20 | | | 25 | 25 | 20 | 84 | 32 | 31 | 24 | 261 | | 12[2] | 64 | 106 | 67 | 63 | 50 | 124 | 25 | |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole for logistikk | | | | | | | | | | | | | | | 79 | | | 38 | | | | | | | |
| Noregs idrettshøgskole | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 30 | | |
| Noregs musikkhøgskole | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | | |
| Høgskolen i Bergen | 41 | | 23 | 20 | 30 | | | | 60 | 35 | | | | 25 | 180 | | | 65 | 168 | 136 | 91 | | 64 | 28 | |
| Høgskolen i Hedmark | 23 | | | | | | | | | | | | | | 164 | | 20 | | 117 | 71 | 47 | | 63 | 43 | |
| Høgskolen i Lillehammer | | | | | | | | | | | | | | | | | | 57 | | | | | | | |

[2] Institusjonen skal legge fram ein plan i *Årsrapport* for auke til 20 over ein periode på tre år, jf. tildelingsbrevet for 2014.

| Institusjon | ABIOK- utd. | Audiografutd. | Bioingeniørutd. | Døvetolkutd. | Ergoterapiutd | Klinisk enæringsfysiologi | Farmasiutd. BA | Farmasiutd. MA | Fysioterapiutd. | Jordmorutd. | Medisinutd. | Odontologiutd. | Psykologi prof.utd. | Radiografutd. | Sjukepleiarutd. | Tannteknikarutd. | Tannpleiarutd. | Vernepleiarutd. | Barnehagelærarutd. | GLU 1-7 | GLU 5-10 | Integrert, 5 år | PPU og PPU-Y | Faglærarutd. | Yrkesfaglærarutd. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Helsefagutdanningane | | | | | | | | | | | | | | | | | Lærarutdanningane | | | | | | |
| Høgskolen i Oslo og Akershus | 120 | | 50 | 20 | 51 | | 41 | | 134 | 34 | | | | 34 | 492 | 20 | | 147 | 323 | 151 | 102 | 20 | 181 | 88 | 104 |
| Høgskulen i Sogn og Fjordane | 11[3] | | | | | | | | | | | | | | 110 | | | 21 | 35 | 30 | 26 | | 48 | | |
| Høgskolen Stord/Haugesund | 8[4] | | | | | | | | | | | | | | 145 | | | | 45 | 20 | 20 | | 80 | 20 | |
| Høgskolen i Søraust-Noreg | 51 | | | | | | | | | 20 | | | | 20 | 336 | | 20 | 45 | 232 | 138 | 86 | | 190 | 68 | |
| Høgskulen i Volda | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 59 | 43 | 29 | | 60 | | |
| Høgskolen i Østfold | 20 | | 22 | | | | | | | | | | | | 109 | | | 61 | 94 | 47 | 32 | | 103 | | |
| Kunsthøgskolen i Oslo | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 13[5] | | |
| Kunst- og designhøgskolen i Bergen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | | |
| Samisk høgskole | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 2 | 2 | 2 | | | | |
| Barratt Due Musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | | |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 215 | | | | | | |
| Høyskolen Diakonova | 28 | | | | | | | | | | | | | | 83 | | | | | | | | | | |
| Lovisenberg diakonale høgskole | 48 | | | | | | | | | | | | | | 151 | | | | | | | | | | |

3 Institusjonen skal legge fram ein plan i *Årsrapport* for auke til 20 over ein periode på tre år, jf. tildelingsbrev for 2014.
4 Institusjonen skal legge fram ein plan i *Årsrapport* for auke til 20 over ein periode på tre år, jf. tildelingsbrev for 2014.
5 Institusjonen skal legge fram ein plan i *Årsrapport* for auke til 20 over ein periode på tre år, jf. tildelingsbrev for 2014.

Mål

| | | Helsefagutdanningane | | | | | | | | | | | | | | | | | Lærarutdanningane | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Institusjon | ABIOK- utd. | Audiografutd. | Bioingeniørutd. | Døvetolkutd. | Ergoterapiutd | Klinisk enæringsfysiologi | Farmasiutd. BA | Farmasiutd. MA | Fysioterapiutd. | Jordmorutd. | Medisinutd. | Odontologiutd. | Psykologi prof.utd. | Radiografutd. | Sjukepleiarutd. | Tannteknikarutd. | Tannpleiarutd. | Vernepleiarutd. | Barnehagelærarutd. | GLU 1-7 | GLU 5-10 | Integrert, 5 år | PPU og PPU-Y | Faglærarutd. | Yrkesfaglærarutd. |
| NLA Høgskolen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 57 | 34 | 23 | | | | |
| Rudolf Steinerhøyskolen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | 20 | 20 | | | | |
| VID vitenskapelig høgskole | 22 | | | | 30 | | | | | | | | | | 248 | | | 110 | | | | | | | |
| Sum | 641 | 29 | 208 | 60 | 188 | 56 | 62 | 117 | 271 | 134 | 546 | 139 | 262 | 154 | 3477 | 20 | 102 | 743 | 1825 | 1126 | 787 | 334 | 1921 | 361 | 173 |

## 2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev, årsrapport, etatsstyringsmøte/dialogmøte og skriftleg tilbakemelding.

På bakgrunn av Stortingets behandling av statsbudsjettet sender departementet tildelings- og tilskotsbrev til institusjonane. Tildelings- og tilskotsbreva inneheld blant anna dei fire sektormåla og dei nasjonale styringsparametrane, tildelte beløp og krav til rapportering.

Statlege universitet og høgskolar skal innanfor den nasjonale målstrukturen og forventningane og prioriteringane til regjeringa, fastsette eigne verksemdmål som er tilpassa eigenarten/profilen, og skal utvikle eigne strategiar og planar for å nå måla. Institusjonane skal legge mål- og resultatstyring, med integrert risikostyring, til grunn for planlegging og oppfølging av verksemda. Departementet har ikkje same styringsrolla overfor private høgskolar, men oppfordrar desse institusjonane til å arbeide på same måte.

Universitet og høgskolar skal levere ein årleg årsrapport til departementet. Krava til *Årsrapporten* det enkelte år går fram av eige dokument på nettsidene til DNB, men er også kort omtalt her.

I *Årsrapporten* skal statlege universitet og høgskolar presentere eigen profil og verksemdmål innanfor dei overordna sektormåla som er sett av departementet. Departementet forventar at også dei private høgskolane i rapporteringa til departementet viser kva profil og utviklingsstrategi dei har.

Hovudkapitlet i *Årsrapporten* omfattar aktivitetar og resultat i budsjettåret. Det skal innehalde vurderingar av resultata og måloppnåinga. Departementet forventar at institusjonane bruker resultatinformasjon frå DBH og andre kjelder, som til dømes studiebarometeret, kandidatundersøkingar og evalueringar, i vurderinga.

*Årsrapporten* skal også innehalde planar som viser ambisjonsnivå og overordna prioriteringar.

Departementet forventar at kvar enkelt institusjon i *Årsrapporten* vurderer resultata han oppnår på dei nasjonale styringsparametrane. Resultata skal vurderast i lys av utviklinga over tid, ambisjonsnivå, institusjonsstrategien og andre data og kjelder.

Departementet analyserer resultata i sektoren i den årlege tilstandsrapporten for universitets- og høgskolesektoren.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til DBH utgjer hovudgrunnlaget for vurderinga departementet gjer av den enkelte institusjonen. Vurderinga ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i etatsstyringsmøta og i den årlege, skriftege tilbakemeldinga til den enkelte institusjonen. Departementet har også eit felles dialogmøte med dei private institusjonane og gir tilbakemelding til enkelte institusjonar på

bakgrunn av risikovurderingar. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følgje opp tilbakemeldinga frå departementet.

Departementet prøver i 2016 ut ei ordning med utviklingsavtalar for utvalde institusjonar. Målet med utviklingsavtalane er å bidra til tydelegare profil på institusjonane og betre arbeidsdeling i sektoren. For meir informasjon om prosessen, sjå tildelingsbreva til universitet og høgskolar for 2016 på nettsiden til Kunnskapsdepartementet.
www.regjeringen.no/tildelingsbrev_uh_2016

# 3 Finansiering

Omtalen av finansiering nedanfor er basert på gjeldande finansieringssystem i 2016.

Kunnskapsdepartementet viser til vedtekne endringar i finansieringssystemet, jf. Innst. 12 S (2015-2016) og Prop. 1 S (2015-2016), Del III Omtale av særlege tema, kap. 12. Sjå også punkt 5.3 for omtale av endringar i finansieringssystemet og endringar i rapportering av data.

### Rammefinansiering

Den samla budsjettramma til universitet og høgskolar blir løyvd over kap. 260, post 50 for statlege universitet og høgskolar og post 70 for private høgskolar. Rammeløyvinga omfattar både basismidlar, som blant anna er prega av særskilte prioriteringar over tid for dei ulike institusjonane, og resultatbaserte midlar for utdannings- og forskingsresultat.

Styret ved den enkelte institusjonen har ansvar for å forvalte den samla rammeløyvinga best mogleg og gjere nødvendige prioriteringar for å bidra til å nå måla som er fastsette for sektoren.

Rammeløyvinga gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølv kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å bidra til å nå sektor- og verksemdsmål. Dei nasjonale insentiva frå departementet er retta mot institusjonane. Styret ved den enkelte institusjon må vurdere i kva grad det vil bruke dei nasjonale insentiva for utdanning og forsking i den interne fordelinga av midlar. Vidare må det enkelte styret vurdere om institusjonen skal ha eigne, supplerande insentiv for å støtte opp under eigne strategiar.

Departementet bruker styringsdialogen til å følgje opp kva mål og resultat institusjonen oppnår innanfor heile rammeløyvinga. I tillegg har Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) og Noregs forskingsråd ei sentral oppgåve med å følgje opp kvalitetsutviklinga i sektoren.

### Resultatbaserte midlar

For dei regelstyrte, resultatbaserte midlane legg departementet vekt på at insentiva skal stimulere til betre resultat i sektoren, og at dei skal vere nøytrale mellom institusjonar og fagområde.

Den resultatbaserte utteljinga i finansieringssystemet er resultat av kva den enkelte institusjonen har oppnådd på dei ulike indikatorane. Insentiva skal stimulere institusjonane til å betre resultata sine, og indikatorane reflekterer resultatstyring framfor innsatsstyring. Størrelsen på utteljinga på høvesvis utdannings- og forskingsinsentiva seier ikkje noko om kor stor del av rammeløyvinga departementet forventar at institusjonane skal bruke på høvesvis utdanning og forsking. Dei resultatbaserte midlane inngår saman med basismidlane i den samla rammeløyvinga styret skal prioritere innanfor og i tråd med mål og strategiar.

### Utdanningsinsentiva

Utdanningsinsentiva har ei open budsjettramme for sektoren og den enkelte institusjonen, og løyvinga er basert på oppnådde resultat. Dette betyr at ein institusjon som betrar resultata sine får auka resultatbasert utteljing, uavhengig av resultata hos dei andre institusjonane. Utdanningsinsentiva har i 2016 ein indikator for avlagde studiepoeng og ein for utvekslingsstudentar:

- *Talet på studiepoeng (SPE)*
  God studentgjennomstrømming er eit teikn på at studieopplegget er av god kvalitet. Utteljinga blir berekna på grunnlag av endring i talet på avlagde 60-studiepoengseiningar (SPE). For at insentivstyrken skal være om lag like sterk uavhengig av fag, er utdanningane delte inn i seks kategoriar (A-F) med satsar som reflekterer ulik grad av undervisnings- og forskingsintensitet. Utteljinga utgjer 40 pst. av satsen for den aktuelle kategorien. Kap. 5.2.1 gir oversikt over kategoriane og satsar for 2016.

- *Inn- og utreisande utvekslingsstudentar*
  Det at norske studentar reiser ut og bringer kompetanse og inntrykk med seg heim, og at utanlandske studentar tilsvarande kjem til Noreg og påverkar studiemiljøa, er med på å auke kvaliteten på norsk høgre utdanning. Utteljinga blir berekna på grunnlag av endring i talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar med avtalar som varer i minst tre månader. Utteljinga utgjer ein fast sats per student. Kap. 5.2.1 gir oversikt over satsen per inn- og utreisande utvekslingsstudent for 2016.

### Kandidatmåltal for kunsthøgskolane

Kunsthøgskolen i Oslo og Kunst- og designhøgskolen i Bergen er i gjeldande finansieringssystem ikkje med i den resultatbaserte utteljinga på utdanningsinsentiva. Departementet set måltal på kandidatar frå kunsthøgskolane, jf. tabellen nedanfor. Tabellen blir endra ved ein auke/reduksjon i tildeling frå departementet til studieplassar. Ut over dette fastset institusjonane eigne ambisjonar.

| **Institusjon** | **2015** | **2016** |
|---|---|---|
| Kunsthøgskolen i Oslo | 194 | 194[6] |
| Kunst- og designhøgskolen i Bergen | 110 | 110 |
| Sum | 304 | 304 |

[6] Institusjonen skal legge fram ein plan i *Årsrapporten* for å auke kandidatmåltalet for PPU til 20 over ein periode på tre år og dermed auke totalt kandidatmåltal til 201, jf. tildelingsbrev for 2014.

**Forskingsinsentiva**

Forskingsinsentiva har ei lukka budsjettramme for sektoren og blir berekna som ei resultatbasert fordeling (RBO) mellom institusjonane. Dette betyr at utteljinga for den enkelte institusjonen vil avhenge av kva resultat han oppnår samanlikna med dei andre institusjonane. Forskingsinsentiva omfattar i 2016 følgjande indikatorar:

- *Doktorgradskandidatar, kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid og samarbeid om doktorgradsutdanning*
  Institusjonane får utteljing i finansieringssystemet for kvar doktorgradskandidat som disputerer ved ein norsk institusjon og kvar kandidat frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid som fullfører. Dette skal stimulere institusjonane til å utvikle og gjennomføre kvalitativt gode doktorgradsutdanningar som fører fram til ferdige kandidatar. Institusjonar som har tilsette (stipendiatar eller andre fagleg tilsette) som disputerer ved ein annan norsk institusjon, får ei utteljing på 20 pst. av den ordinære doktorgradsutteljinga.

- *Tildeling frå EUs rammeprogram for forsking og definerte randsoneaktivitetar*
  Institusjonane får utteljing for midlar dei får frå EUs rammeprogram for forsking og definerte randsoneaktivitetar. Insentivet skal stimulere universitet og høgskolar til å konkurrere på den europeiske forskingsarenaen. Kap. 5.2.2 gir ein spesifikasjon av randsoneaktivitetar som gir utteljing. Midlar frå andre kjelder enn EUs rammeprogram for forsking og dei definerte randsoneaktivitetane gir ikkje utteljing i EU-indikatoren. Frå 2014-rapporteringa vart EU-indikatoren noko justert som følge av Horisont 2020, sjå kap. 5.2.2.

- *Tildeling frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond*
  Institusjonane får utteljing for midlar dei får frå Noregs forskingsråd og dei regionale forskingsfonda. Dette skal skjerpe den nasjonale konkurransen om forskingsmidlar og stimulere universitet og høgskolar til forsking av høg kvalitet og relevans.

- *Vitskapleg publisering*
  Indikatoren for vitskapleg publisering skal stimulere til meir publisering og auka kvalitet på det som blir publisert. Indikatoren har to nivå, der vitskapleg publisering i høgt anerkjente kanalar gir høgre utteljing enn anna publisering. Bøker gir høgre utteljing enn artiklar, og utteljinga blir også korrigert for talet på forfattarar per publikasjon. Kunnskapsdepartementet har gitt ansvaret for forvaltning og utvikling av publiseringssystemet til Universitets- og høgskolerådet (UHR).

Kap. 5.2.2 gir oversikt over vekter og satsar som ligg til grunn for utteljing i 2016-budsjettet.

# 4 Budsjett for universitet og høgskolar

Samla løyving på programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning utgjer 34,6 mrd. kroner i 2016. Av dette blir 32,6 mrd. kroner løyvde over kap. 260 Universitet og høgskolar, 822 mill. kroner over kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål for studentar, 68,7 mill. kroner over kap. 276 Fagskoleutdanning, 522,1 mill. kroner over kap. 280 Felles einingar og 568 mill. kroner over kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar.

Nedanfor er ei oppsummering av større budsjettendringar for universitet og høgskolar i statsbudsjettet for 2016. Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar enkelt institusjon følger under kap. 4.3.

## 4.1 Budsjett for 2016 over kap. 260 på Kunnskapsdepartementets budsjett

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260. Beløpa er avrunda til nærmaste 1 000 kroner[7]. Endringar på kap. 260 som følge av flytting av midlar til eller frå andre kapittel er ikkje med i denne oversikta.

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| 328 nye rekrutteringsstillingar[8] (kap. 260 post 50 og 70) | 127 811 |
| Auka midlar til gjennomføring av strukturreforma[9] (kap. 260 post 50) | 75 000 |
| 932 nye studieplassar (kap. 260 post 50 og 70) | 60 557 |
| Auka resultatbasert utteljing i utdanningsinsentiva (kap. 260 post 50 og post 70) | 247 504 |
| Auka midlar til oppgradering av bygg ved sjølvforvaltande institusjonar | 30 000 |
| Midlar til utstyr og inventar til nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (kap. 260 post 50) | 20 000 |
| Midlar til utstyr og inventar til rehabilitering av Noregs idrettshøgskole (kap. 260 post 50) | 62 800 |
| Midlar til utstyr og inventar til samlokaliseringsbygg for Kunst- og designhøgskolen i Bergen (kap. 260 post 50) | 55 000 |

[7] Endringar som følge av konsekvensjusteringar av budsjettvedtak frå tidlegare år er i 2015- kroner, medan dei andre beløpa er i 2016-kroner, jf. budsjettendringstabellane i kap. 4.3.1. Tiltak som vart vedtekne i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2015, er konsekvensjusterte til 2016-kroner. Dette gjeld vidareføring av auka opptakskapasitet frå 2015.

[8] I tillegg blir det tildelt 40 nye rekrutteringsstillingar til ordningane for nærings-p.hd. og offentleg sektor -ph.d over kap. 281 post 50 og 20 rekrutteringsstillingar til teknisk-industrielle institutt over kap. 285 post 53 Programkategori 07.70 Forsking.

[9] I tillegg blir det tildelt 15 mill. kroner til gjennomføring av strukturreforma over kap. 281 post 70 og 10 mill. kroner over kap. 281 post 50.

| | |
|---|---|
| Utfasing av midlar til utstyr og inventar til rehabilitering av Urbygningen ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (kap. 260 post 50) | -15 300 |
| Utfasing av midlar til utstyr og inventar til Universitetsmuseet (fase ein) ved Universitetet i Bergen (kap. 260 post 50) | -49 200 |
| Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2011 (kap. 260 post 50) | 10 345 |
| Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2012 (kap. 260 post 50 og post 70) | 46 330 |
| Vidareføre auka opptakskapasitet frå 2014 (kap. 260 post 50) | 33 412 |
| Vidareføre auka opptakskapasitet frå RNB 2015 (kap. 260 post 50 og 70) | 63 662 |
| Vidareføre rekrutteringsstillingar frå 2015 (kap. 260 post 50 og 70) | 75 736 |
| Reduksjon (0,7 pst.) knytt til avbyråkratisering og effektivisering (kap. 260 post 50 og 70) | -221 885 |

## 4.2 Budsjett for 2016 til universitets- og høgskolebygg over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett

Nedanfor er ei oversikt over midlar til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskolesektoren. Oversikta viser anslag for utbetalingar for kvart byggeprosjekt i 2016. Beløpa er i 2016-kroner og avrunda til nærmaste 1 000 kroner.

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| Prosjektering av nytt anlegg for livsvitskap, farmasi og kjemi ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30) | 74 000 |
| Prosjektering av brukarutstyr for nytt anlegg for livsvitskap, farmasi og kjemi ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 45) | 7 000 |
| Prosjektering av nybygg for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30) | 29 000 |
| Prosjektering av nybygg for helse- og sosialfag ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (kap. 2445 post 30) | 15 000 |
| Igangsetting av fase to av rehabiliteringsprosjekt for Universitetsmuseet i Bergen ved Universitetet i Bergen (kap. 530 post 31) | 40 000 |
| Vidareføring av byggeprosjekt for rehabilitering av bygg ved Noregs idrettshøgskole (kap. 530 post 33) | 290 000 |
| Vidareføring av byggeprosjekt for nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (kap. 530 post 33) | 440 000 |
| Vidareføring av byggeprosjekt for teknologiutdanningane ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (kap. 2445 post 33) | 206 000 |
| Vidareføring av byggeprosjekt for samlokalisering av Kunst- og designhøgskolen i Bergen (kap. 2445 post 33) | 380 000 |
| Vidareføring av samlokaliseringsprosjekt for Noregs miljø- og biovitskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 33) | 920 000 |
| Vidareføring av rehabiliteringsprosjekt for Urbygningen ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (kap. 530 post 33) | 76 000 |

| | |
|---|---|
| Midlar til utstyr og inventar for Noregs miljø- og biovitskaplge universitet og Veterinærinstituttet på Ås (kap. 530 post 45) | 65 000 |

I 2016 blir følgande kurantprosjekt som er under gjennomføring, førte vidare:

- Byggetrinn 6A ved Universitetet i Nordland, med ei samla kostnadsramme på om lag 105 mill. kroner (i 2014-kroner).

I tillegg kjem kurantprosjekta som framleis er under prosjektering, og som kan bli starta opp i løpet av hausten 2015 eller i 2016. Byggeprosjekt innanfor kurantordninga blir realiserte over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 2445.

## 4.3 Budsjett per institusjon (kap. 260)

Kap. 4.3.1 og kap. 4.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2015 til 2016 i budsjettrammene for dei enkelte universiteta og statlege høgskolane over kap. 260 post 50 og for dei enkelte private høgskolane over kap. 260 post 70. For institusjonar som har fusjonert i perioden f.o.m. januar 2015 t.o.m. januar 2016, er endringar i løyving slått saman under nytt institusjonsnamn[10].

I tillegg til budsjettendringane i kap. 4.3.1 og kap. 4.3.2 tildeler departementet til saman 150 mill. kroner til gjennomføring av strukturreforma, sjå omtale under kap. 4.3.3. Vidare tildeler departementet 105 mill. kroner til oppgradering av universitetsbygg, sjå omtale under kap. 4.3.4. Departementet tildeler til saman 60,6 mill. kroner til nye studieplassar, sjå omtale under kap. 4.3.5. I tillegg tildeler departementet til saman 125,6 mill. kroner til nye rekrutteringsstillingar, sjå omtale under kap. 4.3.6.

Tabellane med budsjettendringar per institusjon er bygde opp som følger:

Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2015* som er løyving/tilskot per institusjon i endeleg tildelingsbrev/tilskotsbrev for 2015.

*Konsekvensjusteringar* er vidareføring og opptrapping eller utfasing av tidlegare budsjettvedtak i Stortinget, målt i 2015-kroner. Konsekvensjusteringsbeløpa omfattar blant anna budsjetteffekt av nye studieplassar i 2011, 2012, 2014 og 2015, husleigekompensasjon, midlar til utstyr og inventar til byggeprosjekt som er sette i gang og utfasing av eingongsmidlar.

Saldert budsjett 2015 og konsekvensjusteringane blir deretter justerte med anslått pris- og lønnsauke frå 2015 til 2016. Pris- og lønnsauken er vist i kolonnen *Justering for pris- og lønnsauke.*

Kolonnen *Nye studieplassar* viser budsjetteffekten i 2016-kroner for nye studieplassar som blir oppretta i 2016. Sjå også kap. 4.3.1 og 4.3.2 for oversikt over studieplassar per institusjon og fagområde.

Kolonnen *Nye rekrutteringsstillingar* viser budsjetteffekten i 2016-kroner for rekrutteringsstillingar som blir oppretta i 2016. Kap. 4.3.6 gir oversikt over rekrutteringsstillingane per institusjon. Oversikten viser ikkje fordeling av 50 nye

---

[10] Frå 1. januar 2016 er Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Høgskolen i Gjøvik, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Ålesund slått saman til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Frå 1. januar 2016 er Universitetet i Nordland, Høgskolen i Nesna og Høgskolen i Nord-Trøndelag slått saman til Nord universitet . Frå 1. januar 2016 er Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, Høgskolen i Harstad og Høgskolen i Narvik slått saman til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Frå 1. januar 2016 er Høgskolen i Buskerud og Vestfold og Høgskolen i Telemark slått saman til Høgskolen i Søraust–Noreg. Frå 1. januar 2016 er Diakonhjemmet Høgskole, Misjonhøgskolen, Høgskolen Betanien, og Haraldsplass diakonale høgskole slått saman til VID vitenskapelig høgskole.

rekrutteringsstillingar knytte til lærarutdanning og etablering av femårig masterutdanning for grunnskolelærarutdanning.

Kolonnen *Andre endringar* viser budsjetteffekten i 2016-kroner av tiltak med verknad for enkelte institusjonar, jf. omtalen for den enkelte institusjon. Reduksjon på 0,7 pst. som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor inngår i denne kolonnen.

Kolonnen *Resultatbasert utteljing utdanningsinsentiv* og *Resultatbasert fordeling forskingsinsentiv* viser budsjetteffekten i 2016-kroner. Kap. 5.2 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.

*Budsjett for 2016* er saldert budsjett for 2015 justert for endringane i dei følgande kolonnane.

### 4.3.1 Statlege universitet og høgskolar (kap. 260 post 50)

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2015 til 2016 (i 1 000 kroner)*

| Institusjon | Saldert budsjett 2015 | Konsekvens-justeringar | Justering for pris- og lønns-auke[11] | Nye rekrutterings-stillingar, ekskl. lærarutd. | Nye studieplassar | Andre endringar | Resultatbasert utteljing utdannings-insentiv[12] | Resultatbasert utteljing forskings-insentiv[13] | **Budsjett 2016** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nord universitet | 1 182 189 | 7 573 | 34 506 | 11 690 | 2 125 | -293 | 14 513 | -34 | **1 252 269** |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | 1 111 994 | -10 374 | 31 948 | 2 728 | 1 750 | 34 694 | 8 622 | 2 168 | **1 183 530** |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 5 611 918 | 33 512 | 163 723 | 17 145 | 7 272 | -16 703 | 54 147 | 41 653 | **5 912 667** |
| Universitetet i Agder | 1 116 722 | 18 660 | 32 928 | 14 027 | 6 016 | -2 508 | 14 694 | 1 142 | **1 201 680** |
| Universitetet i Bergen | 2 969 641 | -40 763 | 84 939 | 7 017 | 6 871 | 24 325 | 1 522 | -54 572 | **2 998 977** |
| Universitetet i Oslo | 5 007 890 | 16 669 | 145 713 | 9 352 | 6 068 | -14 888 | 2 444 | -101 | **5 173 147** |
| Universitetet i Stavanger | 1 182 622 | 20 437 | 34 890 | 15 976 | 7 124 | 2 233 | 19 922 | -535 | **1 282 668** |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 2 800 024 | 40 700 | 82 386 | 8 182 | 5 555 | -11 245 | 15 765 | -17 054 | **2 924 313** |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo[14] | 161 074 | | 4 672 | | | -1 163 | 1 921 | 802 | **167 306** |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | 197 386 | | 5 725 | | | -4 634 | 1 232 | -1 389 | **198 320** |
| Noregs handelshøgskole | 410 968 | 395 | 11 931 | | | -2 969 | 2 203 | -1 533 | **420 995** |
| Noregs idrettshøgskole | 192 293 | 62 800 | 7 399 | | | -1 392 | -3 600 | -4 030 | **253 470** |
| Norges musikkhøgskole[14] | 246 928 | | 7 162 | | | -584 | -1 819 | 773 | **252 460** |

[11] Pris- og lønnsauke på 2,9 pst. frå 2015 til 2016.
[12] Sjå kap. 5.2.1 for dokumentasjon av resultatbasert utteljing for utdanningsinsentiva.
[13] Sjå kap. 5.2.2 for dokumentasjon av resultatbasert omfordeling av forskingsinsentiva.
[14] Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Noregs musikkhøgskole er ikkje med i den resultatbaserte utteljinga for midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond, EU-midlar og publikasjonspoeng.

| Institusjon | Saldert budsjett 2015 | Konsekvens-justeringar | Justering for pris- og lønns-auke[11] | Nye rekrutterings-stillingar, ekskl. lærarutd. | Nye studieplassar | Andre endringar | Resultatbasert utteljing utdannings-insentiv[12] | Resultatbasert utteljing forskings-insentiv[13] | **Budsjett 2016** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Høgskolen i Bergen | 948 606 | 5 542 | 27 672 | 4 287 | 3 605 | -725 | 5 456 | 1 123 | **995 566** |
| Høgskolen i Hedmark | 554 520 | 2 108 | 16 143 | | | -1 401 | 9 480 | 3 035 | **583 885** |
| Høgskolen i Lillehammer | 369 635 | 2 098 | 10 781 | | | -1 636 | 23 052 | 390 | **404 320** |
| Høgskolen i Oslo og Akershus | 1 981 668 | 5 070 | 57 617 | 5 456 | 4 735 | 6 441 | 37 333 | 14 475 | **2 112 795** |
| Høgskulen i Sogn og Fjordane | 363 293 | 1 538 | 10 582 | | 655 | -2 625 | 3 193 | 382 | **377 017** |
| Høgskolen Stord/Haugesund | 300 954 | 2 965 | 8 816 | 1 169 | 2 945 | 4 059 | 5 430 | -621 | **325 716** |
| Høgskolen i Søraust-Noreg | 1 563 314 | 8 439 | 45 584 | 6 625 | 3 406 | -6 886 | 12 758 | 6 150 | **1 639 389** |
| Høgskulen i Volda | 312 152 | | 9 054 | | 655 | -2 257 | 1 526 | 44 | **321 174** |
| Høgskolen i Østfold | 562 612 | 593 | 16 334 | | 560 | -4 065 | 9 751 | 585 | **586 370** |
| Kunsthøgskolen i Oslo[15] | 319 861 | 1 370 | 9 317 | | | -2 311 | | 1 800 | **330 037** |
| Kunst- og designhøgskolen i Bergen[15] | 133 038 | 57 055 | 5 514 | | | -963 | | 734 | **195 378** |
| Samisk høgskole | 77 744 | | 2 255 | | | -264 | 275 | 574 | **80 584** |

[15] Kunsthøgskolen i Oslo og Kunst- og designhøgskolen i Bergen er i hovudsak ikkje med i den resultatbaserte utteljinga, med unntak for resultat i avlagde doktorgrader.

## Forklaringar på endringar for statlege universitet og høgskolar

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| Nord universitet | • *Konsekvensjusteringar:* Auke på 7 573 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 2 125 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 11 690 000 kroner til 30 rekrutteringsstillingar, der 13 av stillingane er i MNT-fag og sju av dei blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Dei øvrige 17 nye stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar:* Auke på 5 145 000 kroner til drift av Centre for High North Logistics som oppfølging av vedtak i samband med RNB 2015. Auke på 3 105 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 53 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 8 489 500 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | • *Konsekvensjusteringar:* Auke på 700 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2011. Auke på 1 185 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 1 526 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 1 515 00 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2015. Reduksjon på 15 300 000 kroner som følge av utfasing av midlar til utstyr og inventar til rehabilitering av Urbygningen.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 1 750 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 2 728 000 kroner til sju rekrutteringsstillingar i MNT-fag, der fire av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.<br>• *Andre endringar:* Eingongsløyving på 35 mill. kroner til rehabilitering av kontorfløy i TF-kvartalet. 1 215 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 1 487 000 kroner til professorstilling i reindrift, der 1 190 000 kroner, som utgjør 80 pst. av stillinga, er rammeoverført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og 297 000 kroner blir overført til Samisk høgskole. Auke på 8 000 000 kroner til nybygg SEARCH ved NMBU Høyland. Reduksjon på 49 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 7 985 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 2 617 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2011. Auke på 14 417 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 3 674 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 2 200 000 kroner som følge av etablering av arkivutdanning ved HiST i 2015. Auke på 10 603 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 7 272 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 17 145 000 kroner til 44 rekrutteringsstillingar. Av desse blir 30 stillingar tildelte innanfor MNT-fag, der 14 av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode, fire stillingar innanfor |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| | maritime fag, der to av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode og to rekrutteringsstillingar innanfor sjukepleie. Dei øvrige åtte nye stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Auke på 13 859 000 kroner som ei eingongsløyving til vidare planlegging av framtidig campus for NTNU. Auke på 9 877 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 1 500 000 kroner til styrking av universitetsmuseet ved NTNU. HiST fekk ei tildeling til utstyr på 2 512 000 kroner i 2015. Av desse var 1 388 000 kroner ei eingongsløyving som blir trekt ut i 2016. Reduksjon på 251 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 40 300 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Universitetet i Agder | • *Konsekvensjusteringar:* Auke på 2 962 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 550 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 15 147 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 6 016 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 14 027 000 kroner til 36 rekrutteringsstillingar. Av desse blir 19 stillingar tildelte innanfor MNT-fag, der elleve av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Dei øvrige 17 stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar:* Auke på 4 860 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 702 000 kroner til drift av nettstadane *Skolebibliotek og Informasjonskompetanse* som følge av overføring frå kap. 226 post 21 under programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Reduksjon på 50 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 8 020 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Universitetet i Bergen | • *Konsekvensjusteringar:* Auke på 1 285 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2011. Auke på 3 365 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 3 787 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2015. Reduksjon på 49 200 000 kroner som følge av utfasing av midlar til utstyr og inventar til Universitetsmuseet i Bergen, fase ein.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 6 871 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 7 014 000 kroner til 18 rekrutteringsstillingar i MNT-fag, der ti av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.<br>• *Andre endringar:* Eingongsløyving på 30 mill. kroner til rehabilitering og oppgradering av Realfagsbygget. Auke på 8 280 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 1 500 000 kroner til styrking av universitetsmuseet ved UiB. Auke på 6 000 000 kroner som følge av overføring av drift og forvaltning av samlingane knytt til leksikografi og namnegransking frå Universitetet i Oslo. Reduksjon på 130 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 21 325 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| Universitetet i Oslo | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 4 067 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2011. Auke på 5 785 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 6 816 000 kroner som følgje av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar*: Auke på 6 068 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 9 352 000 kroner til 24 rekrutteringsstillingar i MNT-fag, der 13 av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.<br>• *Andre endringar*: Eingongsløyving på 40 mill. kroner til rehabilitering av Niels Trescows hus. Auke på 2 587 500 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 10 290 000 kroner som følgje av flytting av tilskotet til samarbeid mellom Simula Research Laboratory, UiO og University of California, San Diego frå kap. 260 post 50 til kap. 285 post 52, under programkategori 07.70 Forsking. Den øyremerkte løyvinga til universitetsmuseet ved UiO til sikring og bevaring av vikingskipa og tilhøyrande samlingar på 10 mill. kroner årleg i perioden 2013-2015 blir fasa ut og erstatta med ei generell styrking av universitetsmusea. Det inneber ein reduksjon i løyvinga til universitetsmuseet ved UiO på 5 000 000 kroner. Reduksjon på 6 000 000 kroner som følgje av overføring av drift og forvaltning av samlingane knytt til leksikografi og namnegransking til Universitetet i Bergen. Reduksjon på 223 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 35 962 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Universitetet i Stavanger | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 2 765 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 2 525 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014. Auke på 15 147 000 kroner som følgje av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 7 124 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 15 976 000 kroner til 41 rekrutteringsstillingar. Av desse blir 24 tildelte i MNT-fag, der 14 av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Dei øvrige 17 stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Auke på 5 377 500 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 800 000 kroner til styrking av universitetsmuseet ved UiS. Auke på 4 600 000 kroner som følgje av overføring av biblioteket frå Helse Stavanger HF til UiS. Reduksjon på 53 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 8 492 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 1 675 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2011. Auke på 3 210 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 12 028 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014. Auke på 20 000 000 kroner til utstyr og inventar til nybygg for medisin og helsefag ved UiT – Noregs arktiske universitet. Auke på 3 787 00 kroner som følgje av nye rekrutteringsstillingar i 2015. |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| | • *Nye studieplassar:* Auke på 5 555 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 8 182 000 kroner til 21 rekrutteringsstillingar. Av desse blir ni stillingar tildelte i MNT-fag, der seks av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode, tre stillingar i maritime fag, der to av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode og ei stilling i sjukepleie. Dei øvrige 8 stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Auke på 4 590 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 1 200 000 kroner til styrking av universitetsmuseet ved UiT – Noregs arktiske universitet. Auke på 6 200 000 kroner som følge av overføring av driftsmidlane til Rettsgenetisk senter frå Folkehelseinstituttet til UiT – Noregs arktiske universitet. Midlane er overført frå Helse- og omsorgsdepartementet. Reduksjon på 3 000 000 kroner som følge av utfasing av midlar til utslippsreduserande tiltak på forskingsfartøyet F/F Helmer Hansen. Reduksjon på 128 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 20 107 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | • *Andre endringar*: Reduksjon på 7 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 1 156 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | • *Andre endringar*: Auke på 1 035 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 4 242 000 kroner som følge av flytting av tilskotet til Høgskolesenteret i Kristiansund til kap. 281 post 70. Reduksjon på 9 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 1 418 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Noregs handelshøgskole | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 395 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 18 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 2 951 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Noregs idrettshøgskole | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 62 800 000 kroner til utstyr og inventar til rehabiliteringa ved NIH.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 11 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 1 381 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Noregs musikkhøgskole | • *Andre endringar*: Auke på 1 200 000 kroner som følge av overføring av midlar til praktikantplassar frå Kulturdepartementet. Reduksjon på 11 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 1 773 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| Høgskolen i Bergen | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 3 357 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 670 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014. Auke på 1 515 000 kroner som følgje av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 3 605 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 4 287 000 kroner til 11 rekrutteringsstillingar. Av desse blir ei stilling tildelt i sjukepleie og tre stillingar i MNT-fag, der alle tre stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Dei øvrige sju stillingane prioriterer institusjonene innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Auke på 6 129 000 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 42 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 6 812 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen i Hedmark | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 592 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 1 515 000 kroner som følgje av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Andre endringar*: Auke på 607 500 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 2 000 000 kroner til å etablere innovasjonssenteret Biosmia på Hamar. Reduksjon på 25 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 3 983 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen i Lillehammer | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 395 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 1 308 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014. Auke på 395 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2015.<br>• *Andre endringar*: Auke på 1 035 000 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 16 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 2 655 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen i Oslo og Akershus | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 3 555 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 1 515 000 kroner som følgje av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 4 735 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 5 456 000 kroner til 14 rekrutteringsstillingar. Av desse blir tre stillingar tildelte i sjukepleie og ei stilling i MNT-fag, der denne stillinga blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Dei øvrige ti stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Auke på 1 215 000 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Auke på 19 657 000 kroner som følgje av flytting av løyvinga til Statens institutt for forbruksforsking (SIFO) frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Reduksjon på 113 000 kroner som følgje av utfasing av midlar til forvaltninga av sekretariatet for den nasjonale nemnda for politiattestar. Reduksjon på 88 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 14 230 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| Høgskulen i Sogn og Fjordane | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 197 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 1 340 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 655 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 16 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 2 609 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen Stord/ Haugesund | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 197 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 2 010 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014. Auke på 757 000 kroner som følgje av ny rekrutteringsstilling i 2015.<br>• *Nye studieplasser:* Auke på 2 945 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 1 169 000 kroner til tre rekrutteringsstillingar. Av desse blir to stillingar tildelte i maritime fag, der ei stilling blir fasa ut etter ein stipendiatperiode, og ei stilling i MNT-fag som blir fasa ut etter ein stipendiatperiode.<br>• *Andre endringar*: Auke på 6 233 000 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 13 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 2 161 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen i Søraust-Noreg | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 2 172 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012. Auke på 4 356 000 kroner som følgje av nye studieplassar i 2014. Auke på 395 000 kroner som følgje av studieplassar i 2015. Auke på 1 515 000 kroner som følgje av vidareføring av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 3 406 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 6 625 000 kroner som følgje av 17 rekrutteringsstillingar. Av desse blir tre stillingar tildelte i MNT-fag, der to av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode, og tre stillingar i maritime fag der to av stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Dei øvrige ti stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Auke på 4 410 000 kroner som følgje av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 69 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 11 227 000 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskulen i Volda | • *Nye studieplasser:* Auke på 655 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 14 000 kroner som følgje av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 2 242 500 kroner som følgje av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen i Østfold | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 592 500 kroner som følgje av nye studieplassar i 2012.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 560 000 kroner som følgje av nye studieplassar i budsjettet for 2016. |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| | • *Andre endringar*: Reduksjon på 25 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 4 039 500 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Kunsthøgskolen i Oslo | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 1 370 000 kroner som følge av nye studieplass i 2014.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 14 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 2 296 500 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Kunst- og designhøgskolen i Bergen | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 2 055 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 55 000 000 kroner til utstyr og inventar til samlokaliseringsbygget for KhiB.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 8 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 955 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Samisk høgskole | • *Andre endringar*: Auke på 297 000 kroner i midlar til professorstilling i reindrift, som utgjør 20 pst. av stillinga. Reduksjon på 3 000 kroner som følge av oppretting av ei eining for samordning av statlege innkjøp. Reduksjon på 558 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |

### 4.3.2 Pritvate høgskolar (kap. 260 post 70)

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2015 til 2016 (i 1 000 kroner)*

| Institusjon | Saldert budsjett 2015 | Konsekvens-justeringar | Justering for pris- og lønnsauke[16] | Nye rekrutterings-stillingar, ekskl. lærarutd. | Nye studieplassar | Andre endringar | Resultatbasert utteljing utdannings-insentiv[17] | Resultatbasert utteljing forskings-insentiv[18] | **Budsjett 2016** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Det teologiske Menighetsfakultet | 78 919 | | 2 288 | | | -564 | -752 | 1 143 | **81 034** |
| Handelshøyskolen BI | 263 916 | | 7 653 | 780 | | -1 887 | 3 007 | 4 035 | **277 504** |
| Ansgar Teologiske Høgskole | 13 800 | | 400 | | | -99 | 881 | -246 | **14 736** |
| Barratt Due musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter | 24 852 | | 721 | | | -178 | -538 | | **24 857** |
| Bergen Arkitekthøgskole | 20 829 | | 604 | | | -149 | -5 358 | | **15 926** |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning | 114 545 | 757 | 3 344 | 390 | | -820 | -1 503 | -632 | **116 081** |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | 9 362 | | 271 | | | -67 | 275 | -105 | **9 736** |
| Høgskolen Kristiania - Markedshøyskolen | 46 117 | | 1 338 | | | -331 | 8 518 | 321 | **55 963** |
| Høyskolen Diakonova | 46 981 | | 1 364 | | | 182 | 1 287 | -88 | **49 725** |
| Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling | 2 669 | | 77 | | | -18 | -413 | | **2 315** |
| Høyskolen for Ledelse og Teologi | 7 028 | | 205 | | | -50 | 3 180 | 4 | **10 367** |
| Lovisenberg diakonale høgskole | 79 455 | 1 152 | 2 338 | | | 1 503 | 875 | -23 | **85 299** |
| NLA Høgskolen | 150 580 | 757 | 4 389 | 1 169 | 405 | -1 077 | -911 | -1 341 | **153 971** |

[16] Pris- og lønnsauke på 2,9 pst. frå 2015 til 2016.
[17] Sjå kap. 5.2.1 for dokumentasjon av resultatbasert utteljing for utdanningsinsentiva.
[18] Sjå kap. 5.2.2 for dokumentasjon av resultatbasert omfordeling av forskingsinsentiva.

| Institusjon | Saldert budsjett 2015 | Konsekvens-justeringar | Justering for pris- og lønnsauke[16] | Nye rekrutterings-stillingar, ekskl. lærarutd. | Nye studieplassar | Andre endringar | Resultatbasert utteljing utdannings-insentiv[17] | Resultatbasert utteljing forskings-insentiv[18] | **Budsjett 2016** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norges Dansehøyskole | 9 745 | | 282 | | | -70 | 9 | | **9 966** |
| Rudolf Steinerhøyskolen | 10 939 | | 318 | | | -79 | 297 | 71 | **11 546** |
| VID vitenskapelig høgskole | 231 052 | 3 063 | 6 789 | 1 948 | 810 | -1 133 | -1 947 | 1 382 | **241 964** |
| Westerdals Høyskole – Oslo School of Arts, Communication and Technology[19] | 113 701 | | 3 297 | 390 | | -814 | 777 | -482 | **116 869** |

[19] Det er kun resultat frå den delen av verksemda som tidlegare hadde namnet *Norges informasjonsteknologiske høgskole,* som er rekna med i resultatbasert utteljing for 2016.

## Forklaring på endringar for private høgskolar

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| Det teologiske Menighetsfakultet | • *Andre endringar*: Reduksjon på 564 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Handelshøyskolen BI | • *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 780 000 kroner til to rekrutteringsstillingar, der den eine er i MNT-fag og institusjonen prioriterer den øvrige stillinga innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 1 887 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Ansgars Teologiske Høgskole | • *Andre endringar*: Reduksjon på 99 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Barrat Due musikkinstitutt - Høyskoleavdelingen og Unge talenter | • *Andre endringar*: Reduksjon på 178 000 kroner som tiltak for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Bergen Arkitekthøgskole | • *Andre endringar*: Reduksjon på 149 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærer-utdanning | • *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 390 000 kroner til ei rekrutteringsstilling som institusjonen prioriterer innanfor fag profilen.<br>• *Konsekvensjusteringar:* Auke på 757 000 kroner som følge av ny rekrutteringsstilling i 2015.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 820 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Fjellhaug internasjonale Høgskole | • *Andre endringar*: Reduksjon på 67 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskolen Kristiania - Markedshøyskolen | • *Andre endringar*: Reduksjon på 331 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høyskolen Diakonova | • *Andre endringar*: Auke på 517 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 336 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høgskulen landbruk og bygdeutvikling | • *Andre endringar*: Reduksjon på 18 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Høyskolen for ledelse og Teologi | • *Andre endringar*: Reduksjon på 50 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Lovisenberg diakonale høgskole | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 395 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 757 000 kroner som følge av ny rekrutteringsstilling i 2015.<br>• *Andre endringar*: Auke på 2 070 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 567 500 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |

| *Institusjon* | *Forklaring* |
|---|---|
| NLA Høgskolen | • *Konsekvensjusteringar*: Auke på 757 000 kroner som følge av ny rekrutteringsstilling i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 405 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 1 169 000 kroner til tre rekrutteringsstillingar der ei av stillingane er i MNT-fag. Dei øvrige to stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 1 077 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Norges Dansehøyskole | • *Andre endringar*: Reduksjon på 70 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Rudolf Steinerhøyskolen | • *Andre endringar*: Reduksjon på 79 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| VID vitenskapelig høgskole | • *Konsekvensjusteringar:* Auke på 790 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 2 273 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2015.<br>• *Nye studieplassar:* Auke på 810 000 kroner som følge av nye studieplassar i budsjettet for 2016.<br>• *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 1 948 000 kroner til fem rekrutteringsstillingar der tre er i sjukepleie. Dei øvrige to stillingane prioriterer institusjonen innanfor fagprofilen.<br>• *Andre endringar:* Auke på 517 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2015. Reduksjon på 1 650 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |
| Westerdals Høyskole – Oslo School of Arts, Communication and Technology | • *Nye rekrutteringsstillingar:* Auke på 390 000 kroner til ei rekrutteringsstilling i MNT-fag.<br>• *Andre endringar*: Reduksjon på 814 000 kroner som tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor. |

#### 4.3.3 Samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar

Regjeringa la våren 2015 fram vurderingar og forslag om strukturreform for universitet og høgskolar, jf. Innst. 348 S (2014-2015) og Meld. St. 18 (2014-2015) *Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren*. Eit hovudmål med strukturarbeidet i sektoren er å heve kvaliteten i utdanning og forsking, fremme solide fagmiljø og ein sektor som brukar ressursane meir effektivt.

Kunnskapsdepartementet tildeler til saman 150 mill. kroner til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar over kap. 260 post 50 i 2016. Midlane skal gå til samanslåingsarbeidet ved institusjonane. Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til fordeling av desse midlane til institusjonane. Departementet gir også tilskot på 15 mill. kroner over kap. 281 post 70 til UNINETT for å etablere ei felles nasjonal skyteneste og til tiltak for

betre administrative tenester for sektoren. I tillegg tildeler departementet 10 mill. kroner over kap. 281 post 50. Midlane er til ei ordning der forskingsinstitutta kan søke til fusjonar og tettare samarbeid innanfor instituttsektoren, og mellom instituttsektoren og universitets- og høgskolesektoren.

#### 4.3.4 Midlar til oppgradering av bygg ved sjølvforvaltande institusjonar

Undersøkinga frå Riksrevisjonen om statleg forvaltning av eigedom i universitets- og høgskolesektoren (Dokument 3:4 2012-2013) viser at opp til 40 pst. av bygningsmassen ved dei sjølvforvaltande institusjonane er i dårleg stand. Departementet tildeler derfor i 2016 ei eingongsløyving på 30 mill. kroner til oppgradering av bygg ved institusjonar som forvaltar eigen bygningsmasse. Dette kjem i tillegg til at departementet fører vidare 75 mill. kroner, som vart løyvt til same formål i 2015. Oppgradering inneber rehabilitering og tilpassing av eksisterande bygg og lokale. Departementet forventar at tildelingane skal utløyse tilsvarande beløp til same formål frå dei institusjonane som får tildelt midlar.

På grunnlag av søknader frå dei sjølvforvaltande institusjonane tildeler Kunnskapsdepartementet 35 mill. kroner til rehabilitering av kontorfløy i TF-kvartalet ved Noregs miljø- og biovitskaplege universitet. Videre tildeler departementet 40 mill. kroner til gjenverande rehabilitering av Niels Trescows hus ved Universitetet i Oslo. I tillegg tildeler departementet 30 mill. kroner til rehabilitering og oppgradering av Realfagsbygget ved Universitetet i Bergen.

#### 4.3.5 Nye studieplassar

Kunnskapsdepartementet tildeler til saman 60,6 mill. kroner til 932 nye studieplassar i 2016.

Av desse tildeler departementet midlar til 350 studieplassar i praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), 100 studieplassar innanfor informatikk, til 25 studieplassar i psykologi og 30 studieplassar i medisin, 40 studieplassar i landskapsarkitektur og 5 i scenografi.

Departementet tildeler midlar til 382 av studieplassane som strategiske studieplassar. Institusjonane får dermed handlingsrom og ansvar for å prioritere innretting av plassane i tråd med satsingsforslag dei har spelt inn til departementet og i lys av moglege praksisplassar, kapasitet i gjeldande lokale, utstyr m.m. Departementet vil samtidig peike på at institusjonane har ansvar for å møte nasjonale og regionale behov, og at det nå er behov blant anna innanfor helse- og omsorgsfag, IKT-utdanningar og gründerplanen til regjeringa. Nærmare fordeling av desse studieplassane per institusjon er omtalt i kap. 4.3.1 og 4.3.2 og 5.1.1.2.

Kunnskapsdepartementet forventar ein auke i talet på studieplassar i sektoren som følge av tildeling av midlar til nye studieplassar. Institusjonane skal bruke midlane til å opprette nye studieplassar, ikkje finansiere studieplassar som allereie er oppretta. Ein studieplass er definert som 60 studiepoeng. Det vil si at Kunnskapsdepartementet forventar ein auke i aktiviteten tilsvarande ein heiltidsekvivalent (60-studiepoengseining) per tildelte studieplass. Departementet vil følge opp at institusjonane dimensjonerer det totale studietilbodet i samsvar med tildelte midlar til nye studieplassar, og at nye studieplassar kjem i tillegg til allereie eksisterande studieplassar.

### 4.3.6 Rekrutteringsstillingar

Stortinget løyver midlar til totalt 388 nye rekrutteringsstillingar i 2016, som vidare opptrapping i tråd med langtidsplanen for forsking og høgre utdanning, jf. Innst. 137 S (2014-2015) og Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forsking og høyere utdanning 2015–2024*, og som grunnlag for ei meir forskingsbasert lærarutdanning. Departementet tildeler 328 av dei nye stillingane direkte til universitet og høgskolar over kap. 260 post 50 og 70, 40 av stillingane gjennom Noregs forskingsråd over kap. 281 post 50 til nærings-ph.d. og offentleg ph.d. og dei resterande 20 stillingane til teknisk-industrielle institutt over kap. 285 post 53. Alle stillingane får ein tredel budsjettverknad i 2016 og heil budsjettverknad frå og med 2017.

Tabellen nedanfor gir oversikt over tildelte rekrutteringsstillingar over kap. 260 post 50 og 70 til universitet og høgskolar. Satsen per ny rekrutteringsstilling er 1 169 000 kroner.

278 av stillingane som blir tildelt over kap. 260, er i hovudsak innanfor realfag og teknologi, inkludert maritime fag, og helse- og omsorgsfag, herunder sjukepleie. Dei stillingane som ikkje er tildelt innanfor særskilte fagområde, må institusjonane prioritere fordelinga av i lys av nasjonale og regionale behov og innanfor eigen fagleg profil. Stillingane skal bidra til å styrke kompetanse- og kapasitetsbygging i desse fagmiljøa. 93 av desse stillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Sjå tabellen nedanfor og omtale for den enkelte institusjonen under kap. 4.3.1 og kap. 4.3.2.

50 av stillingane som blir tildelt over kap. 260 er knytte til lærarutdanning og etablering av ei femårig masterutdanning for grunnskolelærarar. Halvparten av desse rekrutteringsstillingane blir fasa ut etter ein stipendiatperiode. Departementet vil komme tilbake til fordeling av desse rekrutteringsstillingane i tillegg til tildelingsbrev til institusjonane.

Det er ikkje lenger toppfinansiering gjennom Forskingsrådet av nye Marie Sklodowska Curie Actions (MSCA)-stipendiatar i Horisont 2020. Norske universitet og høgskolar kan bruke øyremerka midlar til rekrutteringsstillingar for å toppfinansiere MSCA-stipendiatar. Departementet forventar at summen av rekrutteringsårsverk finansiert av Kunnskapsdepartementet og MSCA-stipendiatårsverk minst svarar til måltalet på rekrutteringsstillingar per institusjon.

*Talet på rekrutteringsstillingar løyvde over kap. 260 post 50 og post 70*

| Institusjon | Nye langsiktige stillingar i budsjettet for 2016 | Nye mellombelse stillingar i budsjettet for 2016 | Rekrutteringsstillingar totalt |
|---|---|---|---|
| Nord universitet | 23 | 7 | 101 |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | 3 | 4 | 162 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 28 | 16 | 744 |
| Universitetet i Agder | 25 | 11 | 126 |
| Universitetet i Bergen | 8 | 10 | 558 |
| Universitetet i Oslo | 11 | 13 | 930 |
| Universitetet i Stavanger | 27 | 14 | 153 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet | 13 | 8 | 354 |
| Arkitektur og designhøgskolen i Oslo | | | 15 |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | | | 18 |
| Noregs handelshøyskole | | | 70 |
| Noregs idrettshøgskole | | | 33 |
| Noregs musikkhøgskole | | | 15 |
| Høgskolen i Bergen | 8 | 3 | 41 |
| Høgskolen i Hedmark | | | 24 |
| Høgskolen i Lillehammer | | | 22 |
| Høgskolen i Oslo og Akershus | 13 | 1 | 72 |
| Høgskulen i Sogn og Fjordane | | | 12 |
| Høgskolen Stord/Haugesund | 1 | 2 | 18 |
| Høgskolen i Søraust-Noreg | 13 | 4 | 93 |
| Høgskulen i Volda | | | 15 |
| Høgskolen i Østfold | | | 16 |
| Samisk høgskole | | | 7 |
| Det teologiske Menighetsfakultet | | | 20 |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning | 1 | | 3 |
| Handelshøyskolen BI | 2 | | 33 |
| Lovisenberg diakonale høgskole | | | 1 |
| NLA Høgskolen | 3 | | 8 |
| VID vitenskapelig høgskole | 5 | | 21 |
| Westerdals Høyskole - Oslo School of Art, Communication and Technology | 1 | | 1 |
| Sum | 185 | 93 | 3 686 |

# 5 Dokumentasjon av finansieringa for universitet og høgskolar

Kap 5.1 viser dei strategiske tildelingane til studieplassar. Kap 5.2 viser datagrunnlaget for den resultatbaserte utteljinga i 2016. Kap. 5.3 gir oversikt over endringar i finansieringssystemet og informasjon om rapportering av 2015-data som gir utteljing i statsbudsjettet for 2017.

## 5.1 Vidareføring og opptrapping av studieplassar, og nye studieplassar

### 5.1.1 Studieplassendringar

Dette kapitlet viser endringar i studieplassar som påverkar rammeløyvinga til institusjonane. Kunnskapsdepartementet forventar vekst i talet på studieplassar i sektoren som følge av vidareføring og opptrapping med nye kull av studieplasstildelingar i 2011, 2012, 2014 og 2015. Institusjonane skal bruke midlane til å føre vidare og opprette nye plassar, ikkje finansiere studieplassar dei allereie har oppretta.

Ein studieplass er definert som 60 studiepoeng (SPE) og svarar til ein heiltidsekvivalent. Ein student tek i gjennomsnitt mindre enn 60 studiepoeng per år, blant anna som følge av deltidsstudium.

Studia er delte inn i seks kategoriar (A-F)[20]. Dersom departementet tildeler/trekker tilbake/flytter midlar til studieplassar, justerer departementet rammeløyvinga til institusjonen tilsvarande 60 pst. av satsen for det aktuelle studiet. Den resultatbaserte utteljinga for studiepoeng utgjer resterande 40 pst. av denne satsen og blir tildelt etter at studiepoeng er avlagt og institusjonen har rapportert inn talet på studiepoeng.

#### *5.1.1.1 Vidare oppbygging av studieplassar oppretta i 2011, 2012, 2014 og 2015*

Dette kapitlet presenterer tabellar over studieplassar (målt i 60 SPE) på fleirårige utdanningar som i 2016 ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla.

Studium som er ferdig oppbygde i 2015, men som inneber auka løyving også første halvår i 2016, er ikkje med i tabellane. Det gjeld:

- femårig integrert lærarutdanning, master i realfagleg og teknologisk utdanning, profesjonsutdanning i juss og master i klinisk kosthaldsfysiologi, alle vedtekne i statsbudsjettet for 2011
- fireårig strategiske studieplassar i lærarutdanning, realfagleg, teknologisk og helsefagleg utdanning, fireårig grunnskolelærarutdanning (trinn 1-7) og strategiske studieplassar, alle vedtekne i revidert nasjonalbudsjett for 2012.

[20] Sjå kap. 5.2.1 for oversikt over plassering av utdanningar i kategoriar og tilhøyrande satsar for 2016.

- toårig master i maritim leiing, film og fjernsyn og toårig masterutdanning i design og kunst, alle vedtekne i statsbudsjettet for 2014.

Løyving som følge av vidareføring og budsjetteffekt for siste år i 2015 og første halvår i 2016 inngår i kolonnen *Konsensekvensjusteringar* i tabellane i kap. 4.3.1 og kap. 4.3.2.

## Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2011

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2015 til 2016 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom statsbudsjettet for 2011.

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2011*

| | Helse- og sosialfagleg utdanning | |
|---|---|---|
| | Psykologi prof. utd. Kat. B, 6 år | Studieplassar per institusjon |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 10 | 10 |
| Universitetet i Oslo | 10 | 10 |
| Sum | 20 | 20 |

## Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2012

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2015 til 2016 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom revidert nasjonalbudsjett for 2012.

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2012*

| | Lærar-utdanning | MNT-fag | Helsefagleg utd. | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Institusjon | 5-årig integrert lærarutdanning, Kat. D, 5 år | 5-årig teknologisk utdanning, Kat. D, 5 år | Medisin, Kat A, 6 år | Psykologi profesjonsutdanning Kat. B, 6 år | Studieplassar per institusjon |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 10 | 100 | | | 110 |
| Universitetet i Agder | 10 | | | | 10 |
| Universitetet i Bergen | | | 10 | | 10 |
| Universitetet i Oslo | | | 10 | 10 | 20 |
| Universitetet i Stavanger | 10 | | | | 10 |
| Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet | | | | 10 | 10 |
| Sum | 30 | 100 | 20 | 20 | 170 |

## Vidare oppbygging som følgje av studieplasstildelingar i 2014

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2015 til 2016 som følgje av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom statsbudsjettet for 2014.

*Strategiske studieplassar* er studieplassar som institusjonen kan bruke i tråd med eigne strategiar for å spisse fagprofilen i utdanningar der det er god rekruttering og for å møte regionale og nasjonale behov.

*Vidare oppbygging som følgje av studieplasstildelingar i 2014*

| Institusjon | Bachelor ingeniør, Kat. E, 3 år | Bachelor ingeniør, Kat. E, 4 år | Bachelor og master ingeniør, Kat.D, 3+2 år | Master teknologi, Kat.D, 5 år | Medisin, Kat. A, 6 år | Veterinær, Kat. A, 5 år | Bachelor rettsvitenskap, Kat F, 3 år | Bachelor internasjonal beredskap, Kat.E, 3 år | Bachelor i utøvande tradisjonelt bygghandverk, Næmingordninga, Kat. B, 3 år | Strategiske studieplassar, Kat. D, 4 år | Studieplassar per institusjon |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | | | | | | 7 | | | | | 7 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | | | 30 | | | | | | 8 | | 38 |
| Universitetet i Agder | | | | | | | 10 | | | | 10 |
| Universitetet i Stavanger | | | | 25 | | | 10 | | | | 35 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 60 | 60 | | | 6 | | | 40 | | | 166 |
| Høgskolen i Bergen | 10 | | | | | | | | | | 10 |
| Høgskulen i Sogn og Fjordane | 20 | | | | | | | | | | 20 |
| Høgskolen Stord/Haugesund | 30 | | | | | | | | | | 30 |
| Høgskolen i Søraust-Noreg | 20 | | | | | | | | | 24 | 44 |
| Sum | 140 | 60 | 30 | 25 | 6 | 7 | 20 | 40 | 8 | 24 | 360 |

## Vidare oppbygging som følgje av studieplasstildelingar i 2015

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2015 til 2016 som følgje av studieplasstildelingar gjennom revidert nasjonalbudsjett for 2015.

*Vidare oppbygging som følgje av studieplasstildelingar i 2015*

| Institusjon | Bachelor ingeniør, Kat. E, 3 år | Strategiske studieplassar MNT-fag, Kat. D, 4 år | Master informatikk, Kat. C, 2 år | Master i teknologi, Kat. D, 5 år | Master juss prof. utd., Kat. E, 2 år | Bioingeniør prof. utd., Kat. D, 3 år | Fysioterapiutd., Kat. D, 3 år | Tannpleieutd., Kat. D, 3 år | Master fiskehelseutd., Kat. C, 5 år | Sykepleieutd., Kat. E, 3 år | Vernepleie. Kat. E, 3 år | Klinisk ernæringsfysiologi, Kat. D, 5 år | Bachelor internasjonal beredskap, Kat. E, 3 år | Brannsikkerhetutdanning, Kat. C, 2 år | Strategiske studieplassar, ikkje fagfordelt, Kat. D, 4 år | Studieplassar per institusjon |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nord universitet | | | | | | | | | | 30 | | | | | | 30 |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | | 10 | | | | | | | | | | | | | | 10 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | | 20 | 15 | 40 | | | | | | | | | | | | 75 |
| Universitetet i Agder | | 20 | | | | | | | | | | | | | 20 | 40 |
| Universitet i Bergen | | | 15 | | 30 | | | | 15 | | | | | | | 60 |
| Universitetet i Oslo | | | 15 | | | | | | | | | | | | | 15 |
| Universitetet i Stavanger | | 20 | | | | | | | | 5 | | | | | 20 | 45 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | | | | | | | 10 | | | | | 15 | 15 | | | 40 |
| Arkitektur og designhøgskolen i Oslo | | | | | | | | | | | | | | | | 0 |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole for logistikk | | | | | | | | | | | 10 | | | | | 10 |
| Høgskolen i Bergen | 24 | | | | | 20 | 10 | | | | | | | | | 54 |
| Høgskolen i Hedmark | | | | | | | | 5 | | | | | | | | 5 |

| | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Høgskolen i Lillehammer | | | | | | | | | | | 10 | | | | | 10 |
| Høgskolen i Oslo og Akershus | | 10 | | | | | | | | | | | | | | 10 |
